

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 02.05.2023
SAKSHANDSAMAR: Marit Solheim/ Guro Mjanger
SAKA GJELD: **Statusrapport om forskning i Helse Førde**

ARKIVSAK: 2023/2527

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
12.05.2023

STYRESAK:
030/2023

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek administrerende direktør sin statusrapport om forskning til vitende.

Oppsummering

Administrerende direktør legg med dette fram statusrapport om forskingsaktiviteten i Helse Førde. Vedlagt utfyllande rapport med aktivitet i 2022 og status hittil i 2023.

Helse Førde (HFD) måler aktiviteten gjennom budsjett, ekstern finansiering, publikasjonar, deltaking i kliniske studiar og avlagde doktorgradar. Eit viktig satsingsområde er kliniske studiar. Dette er høgt prioritert nasjonalt. HFD har fått på plass grunnkompetanse og er i ferd med å byggje opp større kapasitet på nokre område, men det er naudsynt å vidareføre og styrke dette arbeidet både med kunnskap, infrastruktur og ressursar.

Det har også siste året vore høg aktivitet i dei to tematiske forskingsgruppene «Folkehelse, livsstil og overvekt» og «Psykisk helse og rus». I overgangen til 2023 vart gruppene ei samla forskingsgruppe kalla «Forskningsgruppe for persontilpassa helsetenester» (PERSONFORSK).

Fakta

Forskningsaktiviteten 2022

Vitskaplege artiklar

I 2022 publiserte tilsette i Helse Førde 30 vitskaplege artiklar. Desse gjev 20,4 publiseringspoeng for HFD. 23 prosent av publikasjonane er på nivå 2, som er litt under gjennomsnittet for alle norske forskingsinstitusjonar. Liste over publikasjonane for 2022 er vedlagt, der forfattar med HFD-adresse er markerte. Det er stor breidde i design og tematikk på artiklane.

Kliniske behandlingsstudiar

Kliniske behandlingsstudiar (KBS) er studiar som vert utførte på menneske, og som

undersøker verknader av legemidlar, andre

behandlingsmetodar eller utstyr. Deltaking i slik forskning er det

viktigaste verkemiddelet vi har for å kunne tilby pasientar

utprøvande behandling. Det er eit nasjonalt mål å gje fleire

pasientar over heile landet høve til å delta i utprøvande

behandling gjennom KBS. Nasjonale handlingsplan for kliniske

studiar, som kom i 2021, har to overordna målsettingar: 1) I

2025 deltek 5 prosent av pasientane i spesialisthelsetenesta i

kliniske studiar, 2) dobling i tal kliniske studiar innan 2025. Den


nasjonale handlingsplanen omfattar alle typar kliniske studiar,

medan det ein rapporterer på i det nasjonale målesystemet er

KBS.

Styringsdokumentet til HFD for 2022 seier at tal kliniske

behandlingsstudiar som inkluderte pasientar i 2022, skal auke




med minst 15 prosent samanlikna med 2021. Dette målet er oppfylt.

Årsakene til at ikkje alle studiar som er opne for å ha med pasientar, rekrutterer pasientar kvart år, er samansette: Nokre studiar vart endeleg klarert for oppstart seint i året, mange studiar er retta mot pasientgrupper med diagnoser som det er få av i HFD (t.d. 3-5 per år), og det er strenge inklusjonskriterium slik at det kan ta lang tid å finne pasientar som fyller desse. Inklusjonskriterium er, særleg i legemiddelstudiar, blitt smalare over tid.

Midlar brukt til forskning i 2022

I HFD sin strategi for forskning og innovasjon (FOI) 2020-2025 er målet at innan 2025 skal 1,2 prosent av totalbudsjettet nyttast til forskning. Det har vore ein auke i prosentdel av HFD sitt budsjett som nyttast til forskning, frå 0,4 prosent av totale driftskostnader i 2018 til 0,6 prosent i 2022. Til samanlikning brukte Helse Fonna 0,5 prosent i 2021, og Telemarksjukehuset 0,9 prosent. Figuren under viser utviklinga i midlar nytta til forskning i HFD i 2015 til 2022.



Midlar frå Helse Vest har auka frå 2021 til 2022, medan andre eksterne inntekter har gått ned. To større prosjekt gjekk mot avslutting, og fekk mindre midlar i 2022 samanlikna med dei føregåande åra. Vidare har inntekter frå oppdragsstudiar (oppdragsforskning) finansiert av legemiddelfirma gått

ned. Dette heng saman med nedgangen i slike studiar dei siste åra.

Tematiske forskingsgrupper i Helse Førde

HFD har over fleire år hatt to tematiske forskingsgrupper; «Folkehelse, livsstil og overvekt» (FLO) og «Psykisk helse og rus» (PHR), som hadde sine siste år som sjølvstendige forskingsgrupper i 2022. Årsrapportar for 2022 ligg vedlagt. Gruppene er felles for HFD og Høgskulen på Vestlandet (HVL) organisert gjennom Helseforskning Sogn og Fjordane, og fleire i gruppene har delte stillingar mellom HVL og HFD. I 2022 har det vore særleg stor aktivitet knytt til oppstart av nye prosjekt og vesentleg auke i tal stipendiatar. Nokre andre oppsummerande punkt frå 2022:

Folkehelse, livsstil og overvekt (FLO)	Psykisk helse og rus (PHR)
Ni vitenskaplege publikasjonar med forfattarar med HFD-adresse	Sju vitenskaplege publikasjonar med forfattarar med HFD-adresse
Medlemmar frå alle klinikkane samt stabsområde. I tillegg kjem forskarar frå HVL og assosierte medlemmer frå andre institusjonar.	Medlemmar frå PHV og stabsområde. I tillegg kjem forskarar frå HVL og assosierte medlemmar frå andre institusjonar.
Fire doktorgradsstipendiatar, ein postdoktor.	Sju doktorgradsstipendiatar, to postdoktorar.

Eit toårig forprosjekt for ny forskingsatsing i Helse Førde starta 1. januar 2023. Forprosjektet har tittelen «Tidlig identifikasjon av barn og unge med sammensatte helseplager», og har fått tildelt 1 000 000 kroner fordelt over dei to åra. Prosjektet er leia av Hege Kristiansen ved barne- og ungdomsavdelinga (BUA). Kristiansen er barnelege og førsteamanuensis II ved Universitetet i Bergen.

Status søknadar

Interne søknader: Tilsette i HFD har samla sendt inn 16 søknader om forskingsmidlar i 2022, til bruk i 2023. Dette omfattar opne midlar og midlar knytt til forskingsatsingane. 14 søknadar har fått tildelt midlar.

Søknader til Helse Vest: Til den årlege søknadsfristen om ope utlyste midlar i Helse Vest 15. september 2022, vart det sendt fire søknader frå Helse Førde. Alle søknadene var doktorgradsprosjekt. To av søknadene var frå kirurgisk klinikk og to var frå medisinsk klinikk. Medisinsk klinikk fekk tildelt midlar til prosjektet "Mikrobiomet ved lungekreft som biomarker for respons på medikamentell behandling." To andre søknader vart vurderte som støtteverdige, men nådde ikkje opp i konkurransen om midlar.

Andre eksterne søknader: Det er registrert deltaking frå HFD i åtte andre søknadar innsende i 2022, i tre av desse var HFD søkjeinstitusjon. Fleire av søknadene var ein kombinasjon av forskings- og innovasjonsprosjekt. HFD fekk tildelt midlar til prosjektutvikling på to prosjekt (forprosjekt "Pilot Helse", og stipend "PsykNettVest"). I tillegg søkte medisinsk klinikk Kreftforeningen om midlar til å vidareutvikle infrastruktur til kliniske studiar. Søknaden vart vurdert som støtteverdig, men nådde diverre ikkje opp i konkurransen.

Helseatlas og Samhandlingsbarometeret

Det vert for tida arbeidd med to helseatlas innan fedme og hjarteinfarkt, som er planlagde ferdigstilte før sommaren. Publisering kan bli utsett til etter ferien for at fagmiljøa skal ha tid til å ta imot dei / for å få betre merksemd om atlasa. To nye atlas er under planlegging og i startfasen. Desse omfattar "Psykisk helse barn og unge", som Helse Førde skal produsere, og

“Radiologi” som SKDE¹ har hovudansvar for. Det er nært samarbeid mellom helsetatlas miljøa i Helse Førde og Helse Nord/UNN, og Helse Førde har også det siste året vorte nærare knytt til Helse Vest sitt analysemiljø.

Samhandlingsbarometeret lanserte i mai 2022 eit nytt, landsdekkande barometer med data frå alle RHF med tilhøyrande føretak og kommunar. Eit viktig innsatsområde i 2023 er å levere relevante indikatorar som omfattar dei fire prioriterte pasientgruppene i helsefellesskapa; barn og unge, alvorleg psykisk sjuke, pasientar med fleire kroniske lidingar, og skrøpelege eldre. Dette vert gjort i tett dialog med Helsedirektoratet.

Kommentarar

Eitt av tre hovudmål i styringsdokumentet for 2023 omhandlar forskning og innovasjon:²

Helseføretaka skal innrette verksemda si med sikte på å nå følgjande hovudmål:

- 1. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling*
- 2. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik*
- 3. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp*

Når det gjeld forskning, har det dei siste åra vore eit særleg nasjonalt fokus på å auke tal kliniske behandlingsstudiar som inkluderer pasientar. Helse Førde har så langt klart å nå måla i styringsdokumenta og jobbar målretta med å få opp både tal studiar og tal inkluderte pasientar. Dette krev både ressursar, infrastruktur og kompetanseheving. Midlar frå NorTrials³ er eit viktig bidrag for å få etablert ein struktur for kliniske studiar i HFD som kan integrerast i den kliniske kvardagen. Helse Førde fekk 930 000 kroner gjennom NorTrials i 2022 med intensjon om vidare finansiering for fem år. Etter dette er det venta at kliniske studiar i større grad er ein integrert del av den daglege drifta.

Det er eit mål at både forskning generelt og kliniske studiar vert ein meir integrert del av den kliniske drifta. Helse Førde si forskning er kjenneteikna av å vere nært knytt til klinisk praksis, og ein har dei seinare åra klart å setje av meir ressursar til forskning. For å nå målet om at 1,2 prosent av totalbudsjettet i Helse Førde skal brukast til forskning og innovasjon, må ein truleg framover i aukande grad dreie noko av drifta og personalressursane over på forskning. Dette er også viktig for å auke kompetansen lokalt, og gjere føretaket meir attraktivt som arbeidsgjevar for høgt utdanna personell.

¹ Senter for klinisk dokumentasjon og evaluering (SKDE) ligg under Helse-Nord, og er den andre parten i Noreg som lagar helseatlas saman med Helse Førde.

² [Styresak 01823 Vedlegg 1 Styringsdokument 2023 Helse Førde HF.pdf \(helse-forde.no\)](#)

³ NorTrials er eit partnerskap mellom spesialisthelsetenesta og næringslivet. Det er etablert eitt senter på kvart universitetssjukehus med tematiske satsingsområder som kreft, hjarte-kar sjukdomar og medisinsk utstyr.

Konklusjon

Administrerende direktør legg med dette fram statusrapport for forskning. Det har vore ein jamn auke i forskingsaktivitet dei seinare åra, og forskning er eit satsingsområde for føretaket. Nasjonale føringar for kliniske studiar vil i stor grad vere førande for innsatsen til HFD i åra som kjem, saman med satsingane føretaket har etablert. Forskinga har vorte meir robust dei siste åra, men innsatsen må halde fram for å styrke forskning og gjennom dette bidra til kvalitetsstyrking, kompetansestyrking og til å bidra til at føretaket blir attraktivt som arbeidsgjevar for kvalifisert helsepersonell.

Vedlegg:

1. Statusrapport forskning 1.halvår 2023
2. Vitskaplege publikasjonar Helse Førde 2022
3. Årsrapport FLO 2022
4. Årsrapport PHR 2022